

Soga om Torstein Side-Hallsson

Omsett av Ivar Berg

Om *Þorsteins saga Síðu-Hallssonar*

Soga er skriven tidleg i fjortande hundreåret og finst i to papiravskrifter (AM 142 folio og JS 435 4to/AM 551 4to frå 1600-talet) frå same skinnbok, som sjølv er forsvunnen. Båe avskriftene vantar store delar av teksten, både byrjinga og sjølv klimaks i forteljinga. Såleis byrjar soga med slutten av ein episode. Det er òg eit par mindre hol, markerte i omsetjinga med [...], som gjer at nokre stykke ikkje gjev god meining.

Noko av slutten er kjend omveges frå *Torstein Side-Hallssons draum*, og Torstein er nemnd fleire gonger i andre soger. Soga byrjar med Þorsteins opplevingar utanlands, mellom anna i slaget ved Clontarf (1014), men mesteparten går føre seg sør i Austfjordane og handlar om striden mellom Torstein og Torhall. Soga har uvanleg mange draumar og draumetydingar, ofte med ordspel som er vande å omsetja.

Teksten er omsett frå Svart á hvítus nettutgåve av *Íslendinga sögur* og utgåva i *Íslensk Fornrit XI*, s. 299–320.¹ Kapittelinnndelinga kjem derifrå, men det må altså ha vore tekst før «kapittel 1», som det går fram av den eine setninga som står att heilt fyrst.

[...] og dei vart bære drepne.

Kapittel 1

Denne sommaren etla Torstein seg utanlands med Torleiv, og dei var budde før tinget. Då vart det snakk om kven han skulle overlata gørdordet sitt til. Torstein sa: «Det kan vera at eg ikkje ville ha leita vidt om Torhall og eg var like gode vener, men no veit eg ikkje kva eg skal gjera i denne saka. Han har òg rikeleg av både vit og djervskap; men no er det uvenskap mellom oss.»

¹ Lett revidert versjon av omsetjinga trykt i Jon Gunnar Jørgensen & Jan Ragnar Hagland (red.), *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*, band II, s. 407–418. Reykjavík: Saga forlag, 2014.

Det er som det er sagt, at ordet fer med det same det er or munnen, og desse orda kom Torhall for øyra. Han fór straks til møtes med Torstein og sa: «Vél likar eg orda eg har høyrte, og no gjer me vél og legg bort uvenskapen som har vore mellom oss to og tek opp att venskapen. Og om du synest det er rádeleg at eg tek ved gòdordet ditt, då skal eg vera budd til å ta på meg den oppgåva du vil ha meg til.» Torstein sa at dette var vél sagt. Torhall tok ved gòdordet på tinget, og dei skildest i venskap.

Torstein fór utanlands og kom til Orknøyane. Då rádde Sigurd Lodvesson jarl for øyane. Han tok vél imot Torstein og baud han til seg, og han var med jarlen om vinteren og var vél vyrd. Då det vårast, spurde jarlen Torstein om han ville fara i hærferd med han, eller om han ville vera att. Torstein valde å fara, og var i stamnen på skipet åt jarlen. Han var ein svært dyktig skipskar, som om han var van med det arbeidet. Torstein var ein lur mann, klok og ured. Jarlen bad han vera med seg lenge, etter at han vart kjend med ætta hans og visste om skyldskapen mellom dei, med di Torøy Ossursdotter var mor hans Hall på Side, og Ossur var sonen hans Rollaug Ragnvaldsson Mørejarl. Torv-Einar jarl var sonen hans Ragnvald Mørejarl. Torv-Einar var far hans Torfinn Hausekløyvar, far hans Lodve jarl, far hans Sigurd jarl.

Sigurd jarl herja vidt ikring Skottland om sommaren, og ingen mann kunne klaga på at Torstein mangla lukke og mod. Båe delane stødde stillinga hans Torstein: ætta hans og djervskapen. Jarlen drap mange illgjerningsmenn, men somme flydde på skogen; dei fór vidt ikring Dei britiske øyane og brende. Seint om hausten fór jarlen heim til Orknøyane og var i ro der i tre månader, og gav venene sine gode gåver.

Då sa jarlen til Torstein: «Du har vore meg til stor og karsleg hjelp, så ta imot denne gullslegne øksa av meg. Henne sømer det deg å bera.» Torstein takka jarlen, for det var ei dyrebar gåve.

Denne hausten kom Brenne-Flose og mennene hans til Orknøyane, og hopehavet mellom dei og Sigurd jarl vart som det er fortalt i *Njálssoga*.

Kapittel 2

Om vinteren budde Sigurd jarl seg til å fara til Irland, og der slost han med kong Brian. Det slaget har vorte namngjete vest for havet, både for den store folkemengda og dei storhendingane som skjedde der. Og då jarlen laga seg til å reisa, spurde han Torstein om han ville fara. Torstein sa at lite anna sømde seg for han enn å fara og fylgja han i vågeferda, «når me likar godt å leva roleg med Dykk i fredstid.» Jarlen takka han for orda hans.

Så fór dei til Irland og slost med kong Brian, og det hende mykje der, som det er fortalt i saga hans. Der fall tre merkesmenn for jarlen, og då bad jarlen Torstein

bera merket. Torstein svara: «Ber ramnen din sjølv, jarl.» Då sa ein mann: «Du gjer rett, Torstein, for slik har eg mist dei tre sønene mine.»

Jarlen tok merket av stonga og stakk det inn mellom kleda sine, og slost så svært djervt. Litt seinare høyrde dei ei røyst i lufta: «Viss Sigurd jarl vil ha siger, då skal han ta på Dumasbakken med flokken sin.»

Torstein fylgde jamt jarlen, og likeins no. Der fall jarlen i åtakket deira, og fylgjesmennene vart spreidde vidt ikring. Og med det same drap Broder kong Brian. Men Ospak, bror hans, tok Broder og reiv ut tarmene hans og batt han til ei eik. Då skjedde det mykje samstundes, og det var stort mannefall. Torstein og nokre andre stogga ved skogen. Då sa ein mann: «Kvifor rømer du ikkje, Torstein?» Han svara: «Fordi eg ikkje kjem heim i kveld lell om eg rømer.»

Torstein vart gjeven grid, og fór attende til Orknøyane og derifrå til Noreg. Han kom til hirda åt kong Magnus Olavsson og vart hirdmannen hans. Han var ulik dei som er heime og spør nytt på gardane sine. Han var med mange gjæve menn, vart vel vyrd og tyktest vera ein framifrå mann. Han var òg ein storslått mann i hushaldet, og garden hans kunne mæla seg med heimen åt gjævare menn. Torstein var venesæl, glad og smålåten, klok og tolmodig, klårsynt, og uforsonleg og hard mot fiendane sine, men god mot stakkarar og alle dei som trong hjelp, men han fór valdsamt fram mot større menn medan han var her i landet. Opphavet hans var utmerkt, og han fekk òg gode mågar og støtte frå våpnafjordingane ved giftarmål.

Då han hadde vore tre vintrar utanlands og var vorten svært kjend, fór han ut hit att. Torstein var tjue då han var i Briansslaget. Han kom aust i fjordane før haustinget og fór heim til garden sin. Frendane og venene og alle tingmennene hans tok vél imot han.²

Medan Torstein var utanlands styrde Torhall vél med tingmennene hans. Dermed fekk han mykje av godset hans Hauk.¹ Den fyrste sommaren han kravde inn pengane, fekk han ein stor og god kjele i betaling, og då dei møttest for å skifta godset, vart dei vél forlikte heilt til kjelen kom fram.

Då sa Torhall: «Denne vil eg ha med meg heim, så får du noko anna i byte.» Hauk sa at han ikkje kunne gje han frå seg, og la til at Torhall måtte vera nøgd sidan han hadde fått alt, og at det ikkje var rimeleg å seia imot at Hauk fekk kjelen. Torhall sa at slik skulle det vera, men at fleire menn måtte spørjast enn han åleine. Han reid bort.

I det same kom Gudlov til og sa: «Du skulle ikkje ha halde på kjelen viss eg hadde rådd, og dette kan verta ille med sinnet åt far min. Ri etter han og by han kjelen.» Hauk sa: «Det trengst ikkje, han vil ta noko anna viss han vert boden noko anna.» Ho sa: «Eg ville ikkje våga på kva far min kan finna på; kjøp deg

² Hauk er elles ukjend, men det går fram av samanhengen at han har vore verson hans Torhall, og at Torhall har kravd inn noko gjeld på hans vegner.

heller ein annan kjele.»

Då vart det sendt bod til Torhall, og han vart boden kjelen. Han svara: «No er det best at Hauk får kjelen, men me vil fara fram med saka vår som me tykkjer best.» Hauk fekk vita dette, og likte det godt. Gudlov sa at dette ville gå ille.

Neste haust lét Torhall driva frå fjellet fem oksar og tretti sauer som Hauk åtte, og fekk dei drepne. Han sa at det skulle verta fortalt Hauk at dette var ein del av kjeleverdet. Hauk tykte det var handla usømeleg mot han, men kunne ikkje gjera noko medan Torstein var borte; han tykte han hadde fått lite att for bidraget sitt. Gudlov sa det var gjort mykje, og ville gissa på at det no vart stilt. For Torhall førde seg vel mot andre menn der i bygda og gjorde rett mellom folk.

Men neste haust lét Torhall driva like mange av dyra hans Hauk frå fjellet, og drap dei i buet sitt. Han bad likeins om at det vart fortalt Hauk at det var ein del av kjeleverdet. Hauk sa at han ikkje visste kva Torhall meinte med å plyndra han, og sa at han sakna Torstein, venen sin.

Så leid det eit år, og den tredje hausten budde Torhall seg til å fara til fjells på fesanking med alle sønene sine, og lét då eit halvt hundre sauer og ti oksar som Hauk åtte, driva frå fjellet, og slakta dei i buet sitt. Dette vart det tala ille om. På andre måtar oppførde han seg venleg. Hauk spurde Gudlov til råds om kva han skulle gjera. Ho sa det var leitt med uretten mot han og skamma hennar, «men Torstein kjem snart att».

Kapittel 3

Denne sommaren kom Torstein att, som det vart fortalt. Det leid fram mot haustinget, og Torstein og mennene hans reid dit. Der kom Torhall og mykje folk, og folk snakka om sakene sine og heradsstyringa. Torstein sa han hadde fått vita at Torhall hadde styrt vél, med unntak av saka hans Hauk. Ho var komen i eit uføre som ho stod, sa han. Torhall sa at mågane kunne semjast om det sjølv, og meinte fleire hadde hatt gagn av det.

Torstein sa at dei høva best at kvar fekk rå for sitt: «Og no er det vel best at eg tek att gòdordet mitt.» Torhall svara: «Dette skulle du tala om før rettsavgjerdene vart tekne. No sømer det seg betre å seia frå seg gòdordet på vårtinget før lovsakene kjem opp, og du treng heller ikkje gòdordet i vinter.» Torstein vart svært vreid då han ikkje fekk gòdordet. Dei skildest med det, og sommaren og vinteren gjekk, og det leid til vårtinget.

Før Torstein reid heimanfrå, sa Yngvild, kona hans: «Det er ikkje som det høver seg for dykk våpnafjordingar, viss du ikkje skal ha betre namn enn ein bonde.» Og då Torstein nærma seg tinget, sa han: «Her skal me stogga og venta på Torhall, og ikkje skal både eg og Torhall koma til dette tinget om eg ikkje får gòdordet mitt.» Litt seinare kom Torhall og sønene hans med ein liten flokk

menn.

Torstein steig fram og bad han seia frå seg gòdordet og gje han handa på det, «eller så skal me to prøva oss på kvarandre». Han sa at det ikkje høvde seg at bønder vart rana og hovdingar svivyrde, tala mykje åt han om saka med Hauk og sa at han ikkje svivyrde berre Hauk, men òg dotter si.

Torhall sa at Torstein var freidig: «Det er heller sannare at du svivyrder Hauk meir når du går til sengs med kona hans kvar gong du er gjest der, og slik løner Hauk med gode gåver.»

Torstein svara: «Den lyg vél som kan få vitne på lygna, og eg ventar ikkje at du får vitne på at eg har teke kona frå ein einaste mann. Det er både fordi eg er godt gift, og fordi eg er tru mot henne. No områr du deg fort og seier frå deg gòdordet, elles vert det verst for deg.»

Torhall svara: «Du er ein hissig mann og ikkje mykje måtehalden, men du skulle fått gòdordet ditt jamvel om du ikkje truga det til deg. Slik gjorde ikkje far din då han miste Ljot, sonen sin, på Alltinget. Då snakka han berre forsiktig, endå det var ei større manndomsprøve enn dette.» No la mange seg imellom, og Torstein tok ved gòdordet sitt.

På tinget vart lovsakene framsagde, og då tinget skulle avsluttast i tingbakken, stod Torstein opp og sa: «Folk kjenner til saka mellom Hauk og Torhall, og viss det skal farast slik fram, er bøndene verjelause. Torhall skal snart få vita at eg er mektigare enn han. Eg kunngjer det, Torhall, at det er tiltenkt deg bustad på den garden som heiter Stræte på Berufjordsstrand, og du skal vera borte frå Rannveigsstad med alt du eig før det er gått ein halv månad, elles skal eg føra deg bort utan nåde. Og du skal ikkje reisa or heradet utan mitt løyve, og heller ikkje sønene dine, for me austfjordingar er dei beste til å ta oss av fiendskapen dykkar. Og viss de fer or heradet utan mitt løyve, då skal eg forby nokon å gje dykk husvære, og reisa sak mot dei som tek imot dykk.»

Torhall sa at det var upassande sagt, «og det kan gå slik til, at lite godt kjem av tilhaldet mitt om me vert bodne noko heilt ulikt; og dessutan har eg sjølv rådd for bustaden min hittil.» Torstein sa at no skulle det verta som han hadde sagt, og dei skildest med det.

Torhall fór heim utan bråk, og så leid det fram til den nemnde tida. Torhall sa at Torstein ikkje kunne rekna dagane og [...] med hogget hans om natta. Så gjekk den natta, og det er å fortelja om Torstein at tidleg om morgonen reid han med fjorten mann og sa at han berre hadde lova Torhall det eine som han skulle halda.

Og same morgonen kom smalemannen hans Torhall inn og fortalde han at femten menn reid mot garden, «og du meinte Torstein ikkje kunne rekna dagar, men det synest meg som om han kjem no.» Torhall sa: «Me får stå opp og gje han motstand. Det skal gjerast mykje før me er drepne.»

Då Torstein kom til gjerdet, hoppa dei av hestane, og Torstein sa at dei ikkje

skulle øydeleggja innmarka hans Hauk. Så gjekk dei til garden og vart fortalde at Torhall og sønene ville venta inne, og døra var att. Torstein gjekk til døra og sa: «Viss Torhall kan høyra målet mitt, byd eg han fred viss han kjem ut og vil fara bort.»

Torhall bad han gå på, men Torstein ville spara mennene sine frå å gå på våpna deira. «Me skal tenna på husa og brenna dei, og bøta Hauk for husbrannen.» Det gjorde dei, og tende på. Torstein gav kvinnene lov til å koma ut. No vart det fort mykje røyk i husa og flammene slo opp.

Då sa Helge: «Det tykkjest meg vera ein dårleg daude å brenna inne som fjellrevar, eg vil heller gå ut, anten til grid eller til jarn.» Og det gjorde han. Og etter som dei kom ut, lét Torstein dei binda, utan å gjera dei noko meir. Sidan vart eignelutane deira førde bort og feet drive til Stræte. Der lét Torstein skifta alt i halvdelar, og det vart slik som Torstein ville. Torhall budde på Stræte, og Torstein fór heim til Hov.

Det vart sendt ord til Hauk, og han fekk godset sitt. No vart det på nytt fiendskap mellom Torhall og Torstein, og mest frå Torhall fordi han var vorten tvinga bort. Torhall og sønene hans spreidde mykje sladder om Torstein, og dei var vondskapsfulle i orda sine.

Ein kveld kom ein mann som heitte Grimkjell på gjesting. Han var ein omflakkande mann og svær til å baktala. Torhall tala mykje med han, og han gav seg til der ei tid. Torhall betalte han for å fara på vestlandet og spreia sedløysekskuldingar om Torstein Hallsson, på det viset at Torstein var kvinne kvar niande natt og hadde samkvem med menn. Grimkjell lét seg lokka til dette og fór vest over landet og baktala Torstein, og så fór skuldinga sidan vestfrå att. Det gjekk slik at skuldinga om sedløyse fór i mest kvar manns hus, og uvenene hans Torstein gav han mykje vanære for dette, og venene hans tykte synd på han. Kol, bror hans, var den fyrste som gjekk ope fram med han om denne saka. Han var då på vitjing hjå han og hadde kome ut til Island om sommaren.

Kol sa ein gong til Torstein: «Kjenner du til, frende, kva fiendskap det er mot deg, med sjeldhøyrd og uvanleg sladder? Og av di er venene dine kaldare mot deg enn dei har vore, og somme flirer av det. Dette er gjort med stor fiendskap og som om det var kome vestfrå, men eg trur det er oppstått nær deg. Og slikt kan ikkje verta uhemnt.» Torstein svara: «Det er fare usømeleg fram. Det er òg truleg at det vil enda ille. Eg venta meg all annan fiendskap frå Torhall og sønene hans, meir enn dette.»

Kapittel 4

[...] heitte ein mann som budde på Kleiv i Breiddal. Ein mann som heitte Stein var på vitjing hjå han; han var kalla Li-Stein. Han kunne tyda draumar betre enn

andre menn. Han var òg svært god i brettspel. Stein voks opp på Li i Lon.

Ingjald heitte ein mann. Han budde på [...] som budde på storgarden på Beruneset. Han var ein god bonde [...] heldt seg i mellomtida på Kleiv.³

Torhall var svært ivrig på at dei skulle spela brettspel, «for det er sagt meg at du spelar svært bra, og eg har òg stor glede av det.» Stein lét han rå. Dei spela, men Torhall hadde liten sjanse.

Han sa då: «Det er ikkje for mykje sagt om denne idretten din, men no skal me slutta å spela, for eg har andre ærend med deg.» Stein spurde kva dei var. Torhall sa: «Det er fortalt meg at du er ein god draumetydar, og det vil eg sjå, for eg har drøymt mykje underleg og er forviten på å vita korleis du tyder det.» Stein svara: «Så vél tyder eg ikkje draumar, men det er ikkje usannsynleg at du drøymmer mykje, for du seier mykje.»

Torhall sa: «Eg drøymde at eg hoppa med stav opp på fjellet ved Stræte og over nokre holer og vegar, og eg tyktest koma ned der det heiter Varv.»

Stein svara: «Eg trur eg tyder draumen din rett slik at du kan finna på å hoppa over dei rette vegane, det er då at du snur frå retta og gjer rangt, og det kan vera at du får lyst til å snu attende, og det er eg redd for.» Torhall sa: «Du tyder ikkje til fordel for meg.» Stein svara: «Fortel meg då nokre draumar som du vil eg skal tyda slik eg trur det vil verta.»

«Slik var den andre draumen min,» sa Torhall, «at eg såg to månar; den eine gjekk som vanleg, men den andre var i fjellet attom huset, og eg tyktest ta han og eta han, og tyktest eg leiva ein liten måne som eg stakk i pungen min.»

Stein sa: «Underleg er draumen din, men eg trur eg ser kva han tyder. Der har du ete eit verdsunder, og det er ukvemsorda dine som fer frå munnen din. Og enno er ikkje alt sagt av det som du gøymer i hjarta, liksom du gøymde unna somt av månen.»

Torhall svara: «Det er ikkje bra det som skal skje meg, og kanskje finst det ikkje noko godt i det. Slik var den tredje draumen, at eg tyktest vera i smia og gjera spyd, og sønene mine bles på varmen. Men det tyktest meg at det aldri vart heilt samansveisa, og spydet gneistra heile tida.»

Stein sa: «Spydet er spitorda dykkar, og dei orda de seier gneistrar over heile landet, men likevel aldri synest nok for dykk. Og du er opphavsmannen, og sønene dine fylgjer deg.»

Torhall sa: «Slik var den fjerde draumen min, at eg tyktest gå i ei anna smie, og då skjedde noko som tyktest meg underleg, for eg fann meg sjølv der.»

Stein svara: «Det er òg slik at livsførsla di er komen i ei anna smie enn då du hadde vyrdnad og gudslukke; no har du fiendskapen åt mange menn, men det er ikkje usannsynleg at du finn deg sjølv før det er slutt.»

³ Her manglar ein del tekst i saga. Bonden på Beruneset heitte Torkjell (sjå slutten på kap. 5); Ingjald budde på Kårsstad (sjå slutten på kap. 5 og byrjinga på kap. 6).

Torhall svara: «Slik var den femte draumen min, at eg tyktest gå til sjøen der det var mykje saltbrenning, og sønene mine med meg, og eg tyktest eta gloande salt og drikka sjøvatn til.»

Stein sa: «Det er dei svivyrdande orda dine.» Torhall sa: «Du sparar meg ikkje mykje i draumetydinga.» Stein sa at han tydde slik han trudde det kom til å verta.

Torhall sa: «Slik var den sjette draumen min, at eg tyktest gå frå garden min, og sønene mine med meg, og me kom mellom fjellet og sjøen, og eg tykte at ein brotsjø kasta oss i ei fjellkløft, og eg tykte det var trøngt åt oss. Då tyktest hendene mine så lange at eg strekte meg opp på fjellet, og slik kom eg meg opp. Så tok eg imot sønene mine og henta dei til meg, og me stod alle saman på fjellet.»

Stein sa: «Det at hendene dine var lengre enn etter slag og natur, kjem av at du kan forstrekka deg i det du gjer og draga med deg sønene dine i misgjerninga. Og som de stod på fjellet, skal de trø all hjelpa dykkar under føtene.» Torhall sa: «Denne draumen trur eg er god.» Stein sa at det ville gå som han sa.

Torhall sa: «Slik var den sjuande draumen, at eg tyktest dra min veg og fara ein sidestig frå vegen og koma til ein bakke attom garden på Stræte, og eg tykte Torstein Hallsson gjekk nedanfor på den vanlege vegen.»

Stein sa at det var lett å sjå at Torstein gjekk rette stigen «og du den gale i hopehavet dykkar, og han vil vinna over deg til slutt.»

Torhall sa: «Slik var den åttande draumen min, at eg tykte tunga mi var så lang at eg tyktest krøkje henne rundt nakken og fram i munnen på den andre sida.»

Stein svara: «Det er lett å sjå at tunga di kan vikla seg om deg og verta deg til bane.»

Torhall sa: «Slik var den niande draumen min, at eg tyktest vera på fjellet som heiter Gerpir – det fjellet er i Austfjordane – og derifrå såg eg mange land, men ingen stad i nærleiken av meg, for der låg skodda tjukk overalt.»

Stein sa: «Det at du var på fjellet som heiter Gerpir, det kjem av at framferda di var mandig⁴ då du styrde med gørdordet hans Torstein, og hjelpte mange både med pengar og rettssaker, men no ser du synkvervingar fordi du har fare ille fram, og du ser ikkje rett om det som er nær deg, men du ser klårt det som er fjernare frå deg.»

Torhall sa: «Slik var den tiande draumen min, at eg tyktest koma mot ei stor folkemengd, og eg tykte det vart kasta slike jarn som vert kalla klinkplater mot skjorta mi, men større menn kasta tunge jarnklumpar, og platene fall ned.»

Stein sa: «Eg tenkjer meg det, at det vert sett eit forliksmøte mellom deg og Torstein, og eg ventar at mindre menn og almugen vil halda med deg og la deg få godt av at du var talsmannen deira, men storkarane vil slå ned alt som er deg til hjelp og bry seg meir om fiendskapsorda dine.»

⁴ Norrønt gerpiligr.

Torhall sa: «Slik var den ellefte draumen min, at eg tyktest fara opp etter Breiddal og ha så stor famn at eg tyktest kunna femna om heile heradet.»

Stein svara: «Du vil ha alle menn i heradet i strid med deg og imot deg i alt dei gjer.»

Torhall svara: «Slik var den tolvte draumen min, at eg tyktest fara Hjardarskaret or Breiddal og til den garden som heiter Trot, og eg tykte ei enkje budde der, og eg tyktest slå foten i ei tuve og falla, og eg tykte Torstein kom ridande på ein tverrveg mot meg.»

Stein svara: «Det vil ikkje koma uventande på meg at du fer Hjardarskaret og slår foten i banetuva di og får enden din der.» Torhall sa at det ikkje var usannsynleg om han ikkje vart langliva, og dei enda samtala. Så fór Torhall heim.

Kapittel 5

Litt seinare ville heradsmennene freista om det var von om forlik, og dei bad Torstein koma. Han meinte det ville koma lite ut av å tala om saka mellom han og Torhall, «men om det vert tale om heradsstyret, då kjem eg, jamvel om Torhall og sønene hans er der».

Dette møtet var på Beruneset. Der kom Torstein og ei mengd bønder, og dei tok fyrst opp spørsmålet om korleis heradsstyret skulle vera, og vart vél forlikte om det. Så sa Orøkja Holmsteinsson, son hans Berse, son hans Ossur, son hans Brynjolv den gamle; han var frenden hans Torhall: «Eg spør deg om dette, Torstein, om det kan verta tale om forlik mellom deg og Torhall? Me vil vera med på det utan å spara på noko, korkje gods eller anna. Du må tenkja på at dei karane kan verta deg til mykje hjelp, og dette vil ikkje tena deg til vanvyrdnad, og styggorda deira minkar ikkje hovdingskapen din.» Så fylgde andre menn i heradet etter og målbar saka hans Torhall, og sa at Torstein ville få ære av dette, og at Torhall hadde stelt godt med sakene hans medan han var borte.

Då svara Kol, bror hans Torstein: «Underleg er denne stønaden til Torhall, denne mannen som har gjort så mykje ilt i lag med sønene sine.» Og då sa mange frendar og vener av Torstein straks likeins. Då sa Torstein: «Her trengst ikkje mykje seiast. Ikkje vert eg og Torhall forlikte.» Og forliksmøtet gjekk som Stein hadde trudd.

Torhall sa: «Ikkje skal me leggja til mange ord, men du skal vita det, Torstein, at eg drøymmer mykje, og det er ikkje usannsynleg at somme draumar snart går i oppfylling, og noko kan skje av alle. Eg drøymde at ein stor kvitbjørn kom inn frå havet og sprang over hovudet på meg og sønene mine her på Beruneset, og sidan sprang han bort ein lang bakke; og så såg eg at ein rev sette ut frå ura og drap bjørnen. Tyd draumen, Torstein.»

Torstein sa at han ikkje ville tyda draumen hans, og ikkje tala meir med han.

Torhall svara: «Då skal eg tyda. Frå slikt som kjem frå andre menn, veit eg at du har sterk motvilje mot meg, og det kan vera at det vert lagnaden din å verta banemann åt meg og sønene mine. Det er godt å få dauden av ein slik mann som du er, mot den illgjerningsmannen som vil ha livet ditt i handa si. Og slik var ein annan draum, at eg tykte, Torstein, som om me to og sønene mine åt i lag, og kvar av oss hadde ein halv brødleiv, og alle saman delte feitmaten; og eg tykte at eg og sønene mine åt opp leivane våre, men Torstein hadde ete opp all feitmaten og halve leiven sin. Tyd denne draumen du, Torstein.»

Torstein spratt opp og sa at han ikkje ville tyda draumane hans.

Torhall sa han nok kunne spara seg å tyda, «og slik skal det vera. Og eg tyder draumen slik at eg og sønene mine snart vil enda levedagane våre, og du, Torstein, vil ta frå oss livberginga vår. Men det kan vera at du òg snart vert livlaus.» Så vart møtet oppløyst og mennene fór heim, og uvenskapen mellom dei voks mykje.

Denne vinteren reiste Torstein heimanfrå og nord til Våpnafjorden for å vitja Skjegg-Brodde, mågen sin. Kol, bror hans, og nokre andre menn fór med han. Dei var der ei tid, og mågane tala ofte saman. Brodde sende Torstein heim med gode gåver. Som dei fór nordfrå over Smørvassheia, styrta ein av mennene deira ned ei brekke, og Torstein og mange menn lo til det; mannen kom ikkje til skade.

Då sa Kol: «Eg tykkjer det er underleg, bror, at du kan le, slik som Torhall har tala om deg. Aldri vil du hemna, men du ter deg nett som villdyra når dei skadar smådyr, og froda deira fer vidt som snøfok for vinden; og eg vert nøydd til å hemna.»

Torstein sa at det ikkje vart betre om han vart eggja opp meir, og at han sjeldan hadde tolt svivyrding og ikkje trunge andre til å hemna seg. Dei kom heim og var heime om vinteren, og fyrst på våren fór Torstein sørover i pengesaker og for å treffa tingmennene sine. Der var ei stor elv, men dei kom likevel trygt over, og trefte Torhall på andre sida som dei kom opp av elva. Han fór med kløvhest og spurde korleis det var å koma over elva.

Torstein sa at det ikkje var farande for éin mann, «så eg skal få nokre menn til å fylgja deg». Torhall sa at det ville han ta imot, men han tykte det var underleg at Torstein ytte han denne ferdahjelpa. Torhall kom seg over.

Då Torstein vart spurd kvifor han gjorde dette, svara han: «Det er få ting som har vore meir om og gjort for meg enn at Torhall kom heilskinna over elva, for eg har tiltenkt han ein annan daude enn å drukna.»

Torstein fór heim. Litt seinare drøymde Torstein at Joreid, mor hans, kom til han. Ho var dotter hans Tidrande, og ho var då avliden. Ho spurde: «Tenkjer du deg no snart til eit forliksmøte med Torhall?» Han sa at han ikkje hadde dét i tankane. «Vil du hemna deg då?», sa ho. Han sa at han hadde tenkt det.

Ho sa: «Du treng ikkje dryga det lenger, for baktalinga vert ikkje gløymd før hemnen er gjord,» og sa det var råd å gjera det dagen etter. «Ta bae øksene dine,

Jarlsgåve og Tidrandegåve, og ha den som kjennest tyngst ut i handa til hemnen, for Tidrandegåve har ofte vist seg å vera god, jamvel om ho ikkje er like fager som hi.» Så vakna han, og tyktest sjå skimten av henne som ho gjekk bort.

Den dagen var det eit fælt uvêr. Torstein tok øksene og vog dei i handa, og Tidrandegåve var tyngre, men han tykte ikkje det var som vanleg. Sidan budde han seg til å fara, gjekk i båten og fór til Hovsholmen, tok der eit godt langskip og rodde ut frå Alptafjorden tidleg om morgonen. Dei var atten til saman, og fór nord til Landsnes. Torstein var heller uglad heilt til ein brotsjø slo over skipet deira ved Ædastein og fylde det. Dei auste det tomt, og sidan lyste Torstein opp og tykte dette ville gå bra, i det dei styrde unna faren.

Då Torstein var faren heimanfrå, vart ein mann som budde hjå han merksam på kva han etla seg til. Han hadde vore hjå Torhall før. Han tok på seg å springa over fjorden, og då han kom til fjordbotnen og trefte folk, spurde han tidender. Då var han så utmødd at han ikkje fekk sagt meir enn dette, så fall han saman.

Torstein og fylgjet hans kom nord til bakken på Beruneset og trefte sauegjeteren hans Ingjald. Torstein spurde han om det var gjester der. Han sa: «Det er ikkje løynt for meg. Her er Helge Torhallsson og brørne hans, Torvard og Nadd, og eg trur at Torhall er hjå Torkjell på Beruneset, og Asbjørn med han.» Torstein sa: «Det kjem gode nyhende frå deg.» Og med det skildest dei.

Kapittel 6

No er det å fortelja om Torstein og mennene hans, at dei fór til garden på Kårsstad og gjekk under husgavlen alle saman. Då sa Torstein: «De skal vita at grunnen til ferda vår er at eg etlar meg til å hemna krenkingane mine. Og eg vil at ingen av dykk skal gje meg støtte mot sønene hans Torhall minders det står om livet mitt, for eg vil verta banemann åt dei alle. Eg åtvarar dykk, for eg vert vreid om ikkje så vert gjort.»

Torstein gjekk til døra og bad einkvan opna. Ingjald kom ut og helsa Torstein. Han spurde kven som var der av gjester. Ingjald vart fåmælt, men sa frå. Torstein svara: «Det er vel ikkje så at dei skal verta mågane dine, sønene hans Torhall, og vitjar døtrene dine? Bed dei koma ut om dei vil, så skal me tala om forliket vårt. Det er ikkje samla noka folkemengd.» Bonden sa det var godt om dei vart forlikte. Han gjekk inn og fortalde dei at Torstein var komen og ville tala med dei.

Helge sa at han ikkje visste om det var dét han tenkte på. Torvard sa at han ville gå ut om Torstein var åleine. Han og Nadd gjekk ut, Helge var litt seinare. Då dei kom ut, bad Torstein dei setja seg ned og tala saman. Torstein gjekk fyrst til ein grusmel, med dei etter. Han sa at han ikkje ville tala så lite, så det var greiast å sitja. Torvard, som var ein røsleg kar, sette seg ned, og idet han sette seg ned,

hogg Torstein Nadd banehogg. Og idet Torvard ville reisa seg, hogg Torstein han banehogg før han kom seg på føtene. I det same kom Helge ut og sprang attom ein stein som var i tunet og varde seg derifrå. Han var både stor og sterk og ein retteleg hardhaus. Torstein gjekk på han, og dei slost ei stund. Sigurd den rike heitte ein mann som var i fylgje med Torstein. Han sprang til Helge og støyte spydet i han.

I det same hogg Torstein til Helge med øksa og gav han bane. Han sa at Sigurd heldt seg dårleg utanfor, men at han orsaka han. Han sa òg at han ikkje ville tolt det av nokon annan, «men likevel gav eg han banen». Sigurd sa at han ikkje tolte sjå lenger på striden deira, og ...

[Her har det vanta to blad i skinnboka som alle papiravskriftene av saga er komne frå.]

Kapittel 7

... bror hennar Joreid, far åt Helge og Grim Droplaugssøner; Hallkatla, mor hans Torkjell Geitesson i Krossavik. Ålov heitte syster hans Hall på Side. Ho var mor hans Kolbein Flosesson, son hans Tord Frøysgøde på Svinefell. Ljot, sonen hans Hall, var gift med Helga, dotter hans Einar frå Tverå, og dotter deira var Gudrun, som var gift med Are Torgilsson på Reykjaneset. Ein annan son av Hall var Torstein, som det no har vore tala om ei tid. Ein tredje son av Hall var Egil. Han var gift med Torlaug, dotter hans Torvald frå Ås i Hjaltadal. Dotter deira var Torgerd, mor åt biskop Johan den heilage. Kol var ein fjerde son av Hall. Han var gift med Ålov, dotter hans Ossur frå Breidå. Ei dotter av Hall heitte Groa, ho var gift med Teit, son hans Gissur Kvite. Sonen deira var Hall, far hans Gissur, far åt Magnus biskop og Torvald, far hans Gissur. Yngvild heitte ei dotter av Hall. Ho var gift med Øyjolv, son hans Gudmund den mektige på Mødruvollane. Dotter deira var Torøy, mor hans Sæmund den kloke, far hans Loft, far hans Jon, far hans Sæmund i Odda. Teit Isleivsson var gift med Jorun. Mor hennar var Tordis, dotter hans Torvald Hallsson på Side. Torgerd, dotter hans Hall på Side, var gift med Torgrim, son hans Diger-Kjetil. Gro, dotter hans Hall, var sidan gift med Snorre Kalvsson, og etter det med Torvard Kråkenase. Tordis, dotter hans Side-Hall, var gift med Tord Halldorsson frå Fossåskogane.

Og slik sluttar denne saga som er fortald om Torstein Side-Hallsson.